

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 23.02.2011, kl.16.00

Møtestad: Sykkylven Rådhus.

Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Desse møtte:

Rolf Bergmann, Torild Hole og Steinar Myrseth
=3 voterande

Frå Sykkylven kommune møtte varaordførar Odd Jostein Drotninghaug

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 01/11
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 10. DESEMBER 2010**

Ved gjennomgangen vart det vist til sak 25/10 om talet på medlem i kontrollutvalet og sak 26/10 om spelmidlar til Storhallen og at desse saken vil bli behandla med det første.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 10. desember 2010 blir godkjent.

**SAK 02/11
NUMMERERT BREV NR. 01/2011 FRÅ KOMMUNEREVISJONEN OM
GJELDSFORVALTNING I SYKKYLVEN KOMMUNE-FORLØPIG BEHANDLING**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.02.2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

På bakgrunn av fleire formelle feil som er gjort i denne saka, mellom anna brot på finansreglementet vedteke av kommunestyret, vil kontrollutvalet ha utgreidd om kommunen er bunden av avtalen som er inngådd med Nordea.

Kontrollutvalet vil om kort tid ha eit nytt møte for vidare behandling av saka.

SAK 03/11

FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2010 – SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 21.02.2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslag til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2010 for Sykkylven kontrollutval.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Torild Hole
medlem
(sign.)

Steinar Myrseht
medlem
(sign.)